

## Fotokonkurransen 2016

# Bilder frå Nordhordland

Nordhordland søker om å få bli det første UNESCO biosfæreområdet i Norge. Ein viktig del av dette arbeidet er å få tydelig fram regionen sin identitet. Det vil vi mellom anna vise i bilder. Gjennom heile året i 2016 jaktar vi på gode motiv frå regionen, og treng hjelp frå deg. Vi ønskjer bilder frå alle kommunane som er ein del av det planlagde biosfæreområdet: Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Øygarden.



Alt som kan vise fram denne flotte delen av landet vårt er av interesse, men vi håpar får inn motiv som fangar inn kva folk er opptekne av: folk i kvardag og fest, barn, ungdom, gamle, arbeidsliv, kulturaktivitetar og friluftsliv. Tenk gjerne gjennom:

- Kva er Region Nordhordland for deg?
- Kven er 'nordhordlendingen'?
- Kvar har vi arbeidsplassen vår?
- Korleis er det å vekse opp her?
- Kva gjer vi på i fritida?

Fotokonkurransen har bakgrunn i eit nytt og spennande prosjekt som vi arbeider med i regionen vår: - Region Nordhordland skal bli det første UNESCO Biosfæreområdet i Norge. Du kan lese meir om kva dette er, kva det kan bety for regionen og kva det er som gjer at Nordhordland er så godt eigna til ein slik tittel på nettsida vår ([www.nordhordlandbiosphere.no](http://www.nordhordlandbiosphere.no)). Biosfæreprosjektet er eit folkeleg samfunnsutviklingsprosjekt som skal leggje til rette for dialog, handling og engasjement for framtidsretta, berekraftig utvikling i Region Nordhordland.

Vi vil kåre ein vinnar kvar måned. Månads-premiane vert god lokalmat og vinnarbildet vil få ein viktig plass både på våre nettsider og i publikasjonar. I januar 2017 vil vi kåre ein super-vinnar som får tur til Paris som premie.

### INNSENDINGSRIST:

Konkurransen vil gjelde for heile 2016. Innsendingsfrist er siste dag i kvar måned, bortsett frå månadene januar og juli (i desse to månadene er det ingen konkurranse).

Send til: [kjersti@nordhordland.net](mailto:kjersti@nordhordland.net)

### JURY:

Vi har ein jury som for kvar konkurranse som vil kåre vinnaren for månaden. Juryen består av:

Kjersti Isdal (leiar), prosjektmedarbeidar i biosfæreprosjektet

Arne Aarseth, fotograf

Jon Askeland, ordførar i Radøy og leiar i styringsgruppa i biosfæreprosjektet

### PREMIERING:

Vi slår eit slag for mat og matopplevingar i regionen vår: kvar måned kan du vinne premie knytt til lokalmat. Premie-leverandør for månaden vert presentert på nettsida vår utover året.

**Hovudpremie:** Vinnaren av fotokonkurransen for 2016 vinn ein tur til Paris for to, reise og opphald. I tillegg til dette inkluderer premien privat omvising i UNESCO-bygninga der ein mellom anna kan lære meir om biosfæreområda rundt omkring i verda og middag på ein lokalmat-restaurant i Paris.

### KONKURRANSEREGLAR:

- Bilder som sendast inn etter innleveringsfrist vert overført til neste måned.
- Kvar deltakar kan sende inn maksimalt 3 bilder per konkurranse.
- Bildene må vere i så stor oppløsing som mogeleg (minimum 1MB/800px) og i jpg-, gif- eller png-format.
- Bildene må vere tatt i det foreslåtte biosfæreområdet (Nordhordland).
- Du kan kun delta med bilder du sjølv har fotografert.
- Det er innsender sitt ansvar å sørge for å få løyve til offentliggjer av eventuelt andre personar på bildet.
- Navn på personar på bildet må vere med hvis personane kan identifiserast.
- Personopplysningar vert lagra i samband med bilder som arkiverast i NUI sitt fotoarkiv.
- Ved bilder av barn må foreldre samtykke på barnets vegne inntil barnet er 15 år.
- NUI forbeholder seg retten til å offentliggjere innsendte bilder samt bruke bildene i NUI sine egne kommunikasjonskanaler (magasiner, nettsider, sosiale medier), i PR osv.